



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-170

10. desember 2018

Vedtak om grensejustering mellom kommunane Balestrand og Høyanger

Eg viser til brev av 11.04.2018 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Balestrand og Høyanger for området Nesse skulekrins.

Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal. Kommunane blir slått saman frå 1. januar 2020.

Departementet gav 11.10.2017 fylkesmannen i oppdrag å utgreie grensejustering på bakgrunn av eit innbyggjarinitiativ frå Nesse Grendelag i Balestrand kommune datert 20.05.2016. I søknaden frå Nesse Grendelag blei det vist til ei underskriftsliste frå september 2015, der 102 av om lag 120 innbyggjarar skreiv under på at Nesse skulekrins burde bli ein del av Høyanger kommune.

Nesse Grendelag viser i søknaden til utviklinga i skulekrinsen innanfor område som samferdsle, arbeids- og butilhøve, handel og kommunal tenesteyting, samt folketalsutvikling. Etter grendelaget si vurdering trekker utviklinga i retning av ei flytting av skulekrinsen til Høyanger.

Nesse skulekrins har 116 innbyggjarar, noko som er knapt ni prosent av innbyggjarane i Balestrand. Det aktuelle området utgjer om lag 25 prosent av landarealet i Balestrand kommune.

I ei innbyggjarhøyring gjennomført i desember 2017, er det eit klart fleirtal som er positive til å bli ein del av Høyanger kommune (98 prosent), og eit klart fleirtal er negative til å bli ein del av nye Sogndal kommune (92 prosent). Undersøkinga hadde ein svarprosent på 58.

Fråsegner frå kommunane

Balestrand kommunestyre gjorde 06.03.2018 følgjande vedtak:

"Balestrand kommunestyre har forståing for at innbyggjarane i Nesse krins vil til Høyanger kommune. Etter ei samla vurdering meiner likevel kommunestyret at omsøkt grensejustering for Nesse krins ikkje må bli gjennomført."

Noko av grunngivinga for vedtaket er at grensejusteringa vil medføre ein reduksjon i inntektene på 6,3 mill. kroner, og dermed redusere kommunen si evne til å gje gode tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Det vert peika på at Balestrand skal slå seg saman med Leikanger og Sogndal, men at Balestrand geografisk vil vere skilt frå resten av den nye kommunen, og at mange av tenestene derfor framleis må vere lokaliserte som før i Balestrand. Vidare viser kommunen til at næringsstrukturen i den vestlege delen av nye Sogndal vil bli meir einseitig ved ei grensejustering.

Dersom det likevel blir ei grensejustering, ønsker Balestrand kommunestyre at den nye grensa skal gå ved grunnkringsgrensa ved fjorden, slik at Lindane og Sæle blir verande i Balestrand kommune.

Fellesnemnda i nye Sogndal slutter seg hovudsak til vurderingane og vedtaket til kommunestyret i Balestrand.

Høyanger kommunestyre er positiv til at det blir gjort ei grensejustering, og ønsker at skulekrinsen, i tråd med innbyggjarinitiativet, blir lagt til grunn for den nye grensa.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen tilrår ei grensejustering, slik at Nesse grunnkrins blir flytta til Høyanger kommune. I tilrådinga legg fylkesmannen avgjerande vekt på den klare folkeviljen til innbyggjarane i området og deira samla tilknytning til Høyanger på viktige livsområde. Ei justering av grensene vil gjere kvardagen enklare og betre for innbyggjarane i området, og kan vere positivt for lokaldemokratisk deltaking og engasjement.

Tilrådinga er at kommunegrensa bør følgje eigedomsgrensene i fjellet og grunnkringsgrensa ved fjorden, noko som inneber at bygdene Sæle og Lindane blir verande i Balestrand kommune. Det avgjerande for denne tilrådinga er at bygdene Sæle og Lindane har kortare veg til viktige kommunale tilbod i Balestrand sentrum samanlikna med dei kommunale tilboda i Høyanger. Samstundes sikrar denne grensa eit meir variert næringsliv for nye Sogndal, og reduserer i nokon grad dei økonomiske konsekvensane for den nye kommunen.

Dei økonomiske konsekvensane som følgjer av den tilrådde grensejusteringa vurderer fylkesmannen å vere innanfor det som er forventet løyst gjennom oppgjeret som skal skje mellom kommunane og den framtidige utjamninga av inntekter og utgifter.

Departementets vurdering

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6 første punktum.

Departementet konstaterer at det juridiske grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane i inndelingslova om saksførebuing i kapittel III.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane. Departementet meiner fylkesmannen har levert ei utgreiing som i tilstrekkeleg grad opplyser saka slik at den kan avgjerast.

Inndelingslova § 6 inneheld ingen nærmare kriterier eller vilkår for departementets vurdering. § 1, som gjeld formålet med lova, gir likevel visse overordna rammer for departementets skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) s. 55. Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje "*innanfor ramma av det nasjonale felleskap*", "*sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning*" og "*skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredstillande tenester og forvaltning*". Vidare framgår det at lova skal "*byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar*". Dette inneber at departementet må gjere ei konkret og heilskapeleg vurdering, der fleire moment vil vere relevante. Departementet har eit vidt rom for skjønn i vurderinga av om det skal gjennomførast ei grenseendring eller ikkje.

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst bør vere ein reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønstre og bruk av kommunale tenester. For at ei grensejustering skal bli vedtatt, bør den bidra til å redusere utfordringar for innbyggjarane det gjeld, til dømes gi kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar.

Departementet viser vidare til rundskriv til inndelingslova, nr. H-10/15 punkt 2.4.2 der det heiter: "*Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusteringssak. Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er "nødvendig" å greie ut i kvar einskild sak.*" Forarbeida til lova peiker på at det i grensejusteringssaker kan vere aktuelt å hente inn opplysningar om til dømes demografiske utviklingstrekk, pendling, næringsstruktur, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur og det kommunale tenestetilbodet.

I denne saka har departementet vurdert nedanståande opplysningar og moment.

Resultatet av innbyggjarhøyringa viser at eit klart fleirtal av innbyggjarane ønsker å tilhøyre Høyanger kommune.

Det er ingen kommunale institusjonar på Nessane i dag, og innbyggjarane må til Balestrand sentrum for å nytte seg av kommunale tenester. Utgreiinga peikar på at fleire barnefamiljar har meldt flytting til Høyanger for å kunne bruke skule- og barnehagetilbodet der, sidan det er kortare og enklare veg til Høyanger sentrum enn til Balestrand sentrum. Gjennom innbyggjarhøyringa kjem det fram at innbyggjarane i krinsen bruker dei kommunale tenestene i Høyanger som dei har høve til å bruke, som t.d., fysioterapi og lege. Balestrand kommune kjøpte i ein periode skuleplassar i Høyanger for ungdomsskuleelevar på Nessane, og ein god del av ungdommane går på vidaregåande skule i Høyanger.

Utgreiinga viser òg at innbyggjarane i Nesse krins er knytt til Høyanger gjennom arbeid, handel og bruk av kultur- og fritidstilbod.

Når det gjeld Sæle og Lindane, peikar Balestrand kommune på at det er litt ulikt syn blant innbyggjarane i dette området, men at det truleg er ei overvekt som er for flytting til Høyanger. Samstundes må det etter departementets vurdering leggest vekt på bruken av kommunale tenester og avstanden til desse. Ifølgje Balestrand sine opplysningar har dei aller fleste i dette området dei siste 10-åra gått på skule i Balestrand sentrum, trass i at det var eit skuletilbod på Nessane. For dei fleste andre kommunale tilbod vil det òg vere kortare veg til Balestrand sentrum enn til Høyanger. På grunn av geografien i den nye kommunen Sogndal, skal mange kommunale tenester framleis vere i Balestrand.

Nesse Grendelag peiker på at bygdene Sæle og Lindane er godt integrerte på det sosiale området, og at bygdene i Nesse skulekrins derfor ikkje må skiljast, og at også Sæle og Lindane må flyttast til Høyanger. Etter departementets syn er ikkje kommunegrensene til hinder for at dei sosiale aktivitetane bygdene har som felles samlingspunkt, kan halde fram.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjort ei samla vurdering i saka, og har lagt særleg vekt på bruken av kommunale tenester. Departementet er samd med fylkesmannen i at den nye grensa bør følgje grunnkrinsen og tilrår at Nesse grunnkrins med 102 innbyggjarar blir flytta frå Balestrand kommune til Høyanger kommune, og at bygdene Sæle og Lindane, med 14 innbyggjarar, blir verande i Balestrand.

Etter departementets vurdering er ikkje dei økonomiske ulempene eller tenesteutfordringane for den framtidige kommunen av Balestrand, Leikanger og Sogndal så store at dei må leggest sterkare vekt på enn omsyna som talar for at grensejusteringa for Nesse grunnkrins skal gjennomførast.

Vedtak

Med bakgrunn i utgreiinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom kommunane Høyanger og Balestrand blir justert slik at Nesse grunnkrins blir flytta til Høyanger kommune. Den nye grensa skal følgje eigedomsgrensene i høg fjellet og grunnkrinsgrensa ved fjorden i samsvar med Kartverket sitt forslag.

Den nye kommunegrensa trer i kraft frå 1. januar 2020.

Eit vedtak om grenseendring er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) punkt. 5.1. Vedtaket er derfor endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

Konsekvensar av vedtak

Reglane om økonomisk oppgjær mellom kommunane er å finne i inndelingslova kap. V, jf. Rundskriv H-1015.

Dette vedtaket går i kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skattedirektoratet, Statens kartverk, Statistisk sentralbyrå, samt Justisdepartementet og Kulturdepartementet for oppfølging og informasjon til etatar det angår (t.d. bispedøme og Politidirektorat).

Med helsing



Monica Mæland

Kopi:

Justis- og beredskapsdepartementet
Kartverket
Kulturdepartementet
Skattedirektoratet
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Statistisk sentralbyrå

Adresseliste

Balestrand kommune	Kong Beles veg 20	6899	BALESTRAND
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER

KOPPI